

Fra: Matti Torgersen (Matti.Torgersen@hfk.no)
Sendt: 04.05.2018 13:59:30
Til: Eitrheim Jostein (Jostein.Eitrheim@hardangerraadet.no)
Kopi:

Emne: VS: Toalettløsning på Bu - Privat initiativ for løsning Evt. garanti for lån.

Vedlegg: Budsjett toalett kiosk Bu.xlsx;kiosk bu fasade.pdf;kiosk bu kartskisse.pdf;kiosk bu planteikning.pdf;image001.jpg

Hei

Det er gledeleg at det er gjort avtale om leige av areal til etablering av toalettanlegg og kiosk. Etersom det er tilknytt riksveg, er det som du veit Statens Vegvesen som har ansvar for driftsavtale.

Fylkeskommunen kan ikkje stille garanti til denne type aktivitetar. Det vil vere mest nærliggjande å ta kontakt med Innovasjon Norge for søknad om garanti for lån.

Venleg helsing

Matti Torgersen

Sjefsplanleggjar

Samferdselsavdelinga | Transportplanseksjonen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE



Tlf: 55 23 91 68 | Mob: 922 24 656

www.hordaland.no

Fra: John Martin Jacobsen

Sendt: 3. mai 2018 15:07

Til: Matti Torgersen <Matti.Torgersen@hfk.no>; Bente Utne <Bente.Utne@hfk.no>

Emne: VS: Toalettløsning på Bu - Privat initiativ for løsning Evt. garanti for lån.

Hei, dette er ved riksveg. Litt usikker på kor langt vi skal strekke oss her.

JM

Fra: Eitrheim, Jostein <jostein.eitrheim@hardangerraadet.no>

Sendt: 3. mai 2018 11:20

Til: John Martin Jacobsen <John.Martin.Jacobsen@hfk.no>; Anved Johan Tveit <anved-johan.tveit@eidfjord.kommune.no>; Solfrid Borge <solfrid.borge@ullensvang.herad.no>

Kopi: Per Olav Opedal <pero.opedal@vis-veg.no>

Emne: Toalettløsning på Bu - Privat initiativ for løsning Evt. garanti for lån.

Hei !

Viser til møter om saka og seinast til drøfting i Hardangerrådet sitt møte 26. april.

Som de veit har Per Olav Opedal (POO) gjort avtale med grunneigar Per Frode Bu om leige av areal for etablering av toalettanlegg og kiosk på Bu. Kiosken er tenkt driven i tett samarbeid med den nystifta verksemda "Hardangersmak" som marknadsfører og distribuerer tradisjonsmat frå lokale produsentar i Hardanger. Sjå vedlagte skisser.

For å få realisert ei etablering til komande sommarsesong og dermed unngå ein ny sommar med tilhøve som ingen ønskjer seg ift at turistar nyttar naturen på Bu som toalett har POO bede om Hardangerrådet si hjelp til å formidla eit ønskje om det kan stillast ein kommunal/fylkeskommunal garanti for lån slik at dette prosjektet kan realiserast no.

Per Olav Opedal har budsjett for denne realiseringa. Sjå vedlegg

Budsjett har ei total kostnadsramme på kr. 2.345.000.-

Av denne er det tenkt lånefinansiering med garantiar kr. 1.5 mill (T.d. 500.000 som garanti frå kvar av partane HFK, Eidfjord kommune og Ullensvang herad)

Egenkapital kr. 595.000

Støtte fra Innovasjon Norge kr. 250.000

Hardangerrådet skal ikkje vera ein aktør i dette prosjektet. Vår rolle er å arbeida for at toaletttilhøva på Bu vert betra så snart som råd. Helst f.o.m. komande sommar. Så langt er initiativet frå Per Olav Opedal det einaste vi er kjende med. Det er ikkje kome noko melding til oss om at Hordaland fylkeskommune eller Statens vegvesen har starta nokon prosess for tiltak i eigen regi.

Spørsmålet frå Hardangerrådet er om det kan meldast tilbake til POO at ein kommunal/fylkeskommunal garanti for lån kan vurderast etter søknad frå POO

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet iks

Jostein Eitrheim

Dagleg leiar

post@hardangerraadet.no

Tlf 53671450 / 47669524